

Sunn Møring ...

Nr. 6 - 2009



Full sjekk på anesthesiavdelinga

sjå side 4



Sunn Møring til inntekt for barneavdelinga

s. 6



Allsidig og fjellvant

s. 10



Stor oppslutnad om massevaksinasjon

s. 16

Jula nærmar seg. Det er godt samstundes som det er trist med tanke på kor fort tida går. Mange med meg synes nok at hausten har gått svært fort og at det ikkje er lenge sidan det var sommar. No er vi halvvegs igjen mot ny sommar! Det er nyttig å stoppe opp innimellom og glede seg over kvardagen og det som han bring med seg. Sjølv kjenner eg at i hektiske tider, mister eg denne evna og det bekymrar meg. Gleden i kvardagen og gleda over livet må vi ikkje miste! Tenk kor heldige vi er som bur i dette landet med den velstanden vi har rundt oss. Det er som om vi har vunne i lotto – det at vi bur i Norge, sa dattera mi her ein dag, då ho sat og såg eit klipp på TV frå uro ute i verda. Jammen er det sant! Likevel har vi dessverre ein tendens til å syte og klage over det som av andre kan oppfattast som bagatellar.

I skrivande stund sit eg god og mett etter å ha tilbrakt ei hyggeleg stund saman med medarbeidarar som no sluttar i Helse Sunnmøre etter mange års arbeid i føretaket. Det var fleire av desse "nypensjonistane" som hadde vore med frå gamlesjukehuset og dermed hadde arbeidd i tilsaman vel 40 år i føretaket. Desse medarbeidarane som no vart takka av, kunne fortelje om eit godt arbeidsmiljø og høg trivsel i dei åra dei har vore hos oss. Dette er alle høgt kompetente medarbeidarar som alle har hatt viktige funksjonar i organisasjonen vår, og som i sum har medvirka til eit heilskepleg tilbod for pasientane våre. Slike dyktige medarbeidarar er vi heldige vi har mange av. Organisasjonen vår er prega av dyktige medarbeidarar som set pasienten i fokus og som genuint tenkjer på korleis vi kan gjere det beste ut av ein kvar situasjon. Desse ressursane må vi ta vare på for framtida. Dette må vi klare å få til sjølv om vi må gjennom vanskelege omstillingsprosessar som er slitande både på organisasjonen som eit heile og på den einskilde medarbeidar. Med dyktige leiarar vil vi klare dette. Ny organisasjonsmodell skal også underbygge dette. Nøkkelen for at vi skal lukkast er at vi får nettopp dyktige klinikkleiarar som ser kor viktig desse utfordringane er og kor viktig det er å handtere dette på ein slik måte at vi framstår med tryggleik i tilbodet vårt, både overfor pasientar og tilsette.

Eg takkar alle medarbeidarar i Helse Sunnmøre for innsatsen som er gjort i 2009!

Samstundes ønskjer eg alle ei god og fredfull jule- og nyttårshelg!

Astrid J. Eidsvik



Framsida:

For andre året på rad blei det gjennomført full sjekk av medisinskteknisk utstyr og personell ved anestesiavdelinga i Ålesund.

Vil vere e

Legemiddelkomiteen er eit rådgivande organ i Helse Sunnmøre. Komiteen, som har ei sentral rolle når det gjeld implementeringa av den nye forskrifta for legemiddelhandtering, ønskjer å vere eit bindeledd mellom administrasjonen og dei tilsette.

Legemiddelkomiteen i Helse Sunnmøre er breitt samansett av klinikarar frå både somatikk og psykiatri. Representantane kjem frå Volda- og Ålesund sjukehus. Førebels har den nyvalde leiaren, Karen Irgens, berre hatt eitt møte med komiteen, men gruppa skal møtast endå ein gong før jul. Komiteen har cirka fire møte i året.

Ny forskrift i 2008

– I det siste har det vore store endringar på gang innan legemiddelhandtering. I 2008 kom det ny nasjonal forskrift innan feltet, forskrifta som no skal implementerast. I forkant av implementeringa har det vore gjennomført eit regionalt arbeid som har vurdert innhaldet i forskrifta. Dette arbeidet er gjort for å skape ei felles forståing om korleis implementeringa skal skje, fortel nyvald leiar i legemiddelkomiteen, Karen Irgens. Den store forskjellen på situasjonen før og etter den nye forskrifta er at det no blir lagt meir vekt på kompetanse i sjukehusdrifta. Dette inneber at det blir stilt større krav til realkompetanse, også for ei yrkesgruppe som sjukepleiarar. Ein må i større grad kunne vise til kurs eller praksis.

– Ei anna endring er at mellom anna hjelpepleiarar kan få avgrensa løyve til å gi ut medisinar, dersom dei får opplæring. Korleis dette skal gjennomførast i praksis, er derimot ikkje heilt avklart i det regionale arbeidet enno, seier Marianne Barstad – apotekar og medlem av legemiddelkomiteen.

Ansvar for legemiddelhandteringa er dessutan tydelegare plassert hos administrerende direktør i den nye forskrifta enn kva som var tilfelle tidlegare.

Oppfølging av implementeringa av den nye forskrifta er blant dei viktigaste oppgåvene til legemiddelkomiteen.

– Vi skal ha ein overvakande funksjon og kan bidra med rådgiving når dette er nødvendig. Ansvar for prosessen ligg derimot hos direktøren og fagavdelinga, seier Irgens.

Riktig legemiddelbruk

I tillegg til arbeidet med implementering av forskrifta er legemiddelkomiteen involvert i oppfølging av prosjektet Riktig legemiddelbruk – eit pågåande prosjekt som var omtalt i førre utgåva av SunnMøring.

– Prosjektet Riktig legemiddelbruk handlar i hovudsak

Et bindeledd

om overlevering av medikamentinformasjon mellom sjukehuset og omgivnadene. I legemiddelkomiteen arbeider vi òg med eksisterande prosedyrar knytte til handtering av legemiddel internt i sjukehuset, seier Barstad.

Ho fortel vidare at komiteen dessutan har ei viktig rådgivar- og oppfølgingsrolle i prosjektet Kurve, medisin og forordning.

Dei to komitémedlemmene ønskjer å høyre frå deg dersom du har aktuelle tips og innspel.

- Vi ønskjer å vere eit bindeledd mellom sjukehusstilsette og sjukehusadministrasjonen. Har nokon innspel eller idear til ting vi bør ta tak i, må dei kontakte oss, seier Irgens.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Karen Irgens og Marianne Barstad ønskjer at legemiddelkomiteen skal vere eit bindeledd mellom sjukehusstilsette og sjukehusadministrasjonen.



- Har du innspel eller idear
- til legemiddelkomiteen?

Kontakt:

Karen Irgens (leiar), Ålesund sjukehus
karen.irgens@helse-sunnmore.no

Yvonne Solevåg, Sjukehusapoteket Ålesund
yvonne.kosfeld.solevag@sykehusapoteket.no

Marja-liisa Lillebø, Volda sjukehus
marja.liisa.lillebo@helse-sunnmore.no



Administrerende direktør Astrid Eidsvik fortel at den nye organisasjonsmodellen i Helse Sunnmøre er framtidsretta og betre rusta til å løyse leiarutfordringane føretaket står overfor i dag.

∴ Innfører klinikkstruktur

Frå nyttår innfører Helse Sunnmøre ein ny organisasjonsmodell. Den nye klinikkorganiseringa, som er bygd opp etter pasientflyten i føretaket, skal betre samarbeidet på tvers av avdelingane og gjere organisasjonen meir handterleg for administrerende direktør.

Sidan Helse Sunnmøre blei oppretta som helseføretak i 2002, har helseføretaket hatt ein relativt flat organisasjonsstruktur. Dette var ei viktig prioritering i den første perioden, men etter kvart har kontrollspennet til administrerende direktør vakse seg større enn kva som er tilrådeleg.

– For å løyse dette problemet har vi no vedteke ein meir framtidsretta organisasjonsmodell for Helse Sunnmøre. Vi har samla avdelingar med nærskylde fag i åtte nye organisasjonseiningar som vi har kalla klinikkar. Den nye modellen inneber eit redusert leiarforum – noko som gir ei mindre og meir handterleg leiargruppe, seier administrerende direktør i Helse Sunnmøre Astrid Eidsvik.

Pasientflyt sentralt

Eit viktig omsyn med tanke på å revidere organisasjonsstrukturen i Helse Sunnmøre er å betre samarbeidet både internt og på tvers av avdelingane. Trekk ved pasientflyten i føretaket

er blant dei viktigaste vurderingskriteria som er lagde til for å utforme den nye klinikkstrukturen.

– Ved kirurgisk klinikk har vi for eksempel sett saman dei kirurgiske faga pluss medisinske støtteavdelingar som operasjon og anestesi. Dette er avdelingar som dei kirurgiske faga er avhengige av for å gjennomføre behandlingssopplegget sitt, seier Eidsvik. Dei nye klinikksefane blir eit viktig koordinerande ledd i kontakten mellom administrerende direktør og avdelingane og mellom avdelingane innanfor kvar klinikk.

Meir handterleg

– Leiarforumet vi har i dag, har ikkje vore eigna til å få gode drøftingar omkring leiarutfordringane i Helse Sunnmøre. Ved å innføre klinikkstruktur vil dei nye klinikksefane bli ein del av føretaksleiinga i staden for avdelingssefane, seier Eidsvik. Det nye leiarforumet vil dermed bestå av dei åtte klinikksefane, administrerende direktør pluss nokre av stabsdirektørane. Kva for

stabsdirektørar dette gjeld, er i skrivande stund ikkje bestemt.

Då Helse Sunnmøre blei etablert som helseføretak, valde vi ein flat organisasjon for å hindre unødig splid i organisasjonen – noko som prega sjukehusa i åra før helsereformen.

– No er organisasjonen moden for å ta eit nytt steg. Vi har fått nye leiingsutfordringar. Den nye organisasjonsstrukturen er tilpassa desse, seier Eidsvik.

Pasientflytprosjektet i Helse Sunnmøre har vist at det ligg eit stort potensial i å få avdelingane i føretaket til å samarbeide. Kvar klinikksef vil få ei nøkkelrolle i å få samarbeidet mellom avdelingane til å fungere. Klinikksjefane skal mellom anna ha faste leiarrådsmøte med alle avdelingsleiarane. Kven som skal tilsetjast som klinikksefjar, blir bestemt før jul.

For stor avstand?

– Vil ikkje den auka distansen mellom



ur til nyttår

administrerende direktør og avdelingane i den nye organisasjonsmodellen vere problematisk?

- Det er klart at det kan ligge ein fare i dette, men realiteten i dag er at eg ikkje lenger har kapasitet til å følgje opp kvar avdeling direkte på same måten som før - kontrollspennet blir for stort. Samstundes opplever vi at rapporteringskrava våre overfor eigar, Helse Midt-Norge, stadig aukar. Klinikstruktur skal gjere situasjonen meir handterleg for leiinga, seier Eidsvik.

Ho forventar at 2010 blir eit år prega av innkøringa av det nye systemet. I kvar klinikk må det gjerast ein jobb for å finne ein intern organisasjonsmodell som fungerer ut frå arbeidet på den enkelte klinikken og utfordringane dei møter der.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Fakta

- Frå 01.01.2010 får Helse Sunnmøre ny organisasjonsmodell.
- Den nye strukturen inneber oppretting av åtte nye klinikkar - eit mellomledd mellom administrerende direktør og avdelingane. Kvar klinikk består av avdelingar med nærskyldte fagområde - sett i samanheng med pasientflyten i føretaket.
- Den nye strukturen inneber at klinikkssjefane tek avdelingsleiarane sin plass i føretaket sitt leiarsforum - noko som gir ei mindre og meir handterleg leiargruppe for føretaksleiinga. Avdelingssjefane blir no ein del av klinikkleiinga på sine respektive klinikkar.



Haldis Hellebust, Anne Karin Hansen, Rannveig Vegsund, Miek Blindheim, Haldis Bjørlykstøl-Seth, Liv Hoseth, Berit Schjelderup, Odd Honningsvåg og Åse Bjørdal.

Takk til medarbeidarar i Helse Sunnmøre

Fredag 4. desember var det skipa til eit hyggeleg arrangement for dei som har blitt pensjonistar i løpet av året eller som har slutta av helsemessige årsaker.

Det er hyggeleg for leiinga i Helse Sunnmøre å arrangere ei slik tilstelling for sine medarbeidarar. Dette er medarbeidarar som har arbeidd ved institusjonane i Helse Sunnmøre i samanhengande 10 år eller lengre. Gjestane sine avdelingssjefar var også invitert. Dei frammøtte fekk servert eit godt måltid og hovudgjestane fekk overrekk kvar sin vakker vase frå Hadeland.



Reidun Hole, Anne Sofie Reitan, Vigdis Hofseth, Liv Karin Haug, Magne Hompland, Astrid Ruland, Torhild H. Reiten og Annie Gausnes.

Desse var ikkje tilstades under fotograferinga: Ole K. Honningdalsnes, Oddbjørg Blindheim, Synnøve Flem, Norunn Humlen, Guri Nordstrand og Bjørg Sjørdal. Pensjonistar ved Volda sjukehus som ikkje hadde høve til å delta på tilstelling: Olaug Reidun Åsheim og Petra Runde.

● ● ● "Sunn Møring" til innt

Nyinnspelinga av "Sunn Møring" med artistane Aalesund Allstars har teke den gamle songen til nye høgder og gitt sunnmøringane ein ny nasjonalsong. No får snart barneavdelinga nyte godt av suksessen. Alt overskotet av musikkalet går nemleg uavkorta til dei.

– Vi blei utruleg glade då vi fekk greie på at vi skulle få overskotet av salet. Vi har ikkje noko budsjett til å kjøpe leiker eller premiar til pasientane våre, så dette betyr veldig mykje for oss, seier ei glad Irene Takvam, seksjonsleiar på barnemedisinsk sengepost ved Ålesund sjukehus.

Kjærkommen gåve

Ho er oppteken av at pengane skal gå direkte til barna, og at det dei får, blir brukt på ein måte som kan glede dei sjuke barna.

– Vi har jo mange pasientar som kjem her ofte. Dei må mange gonger gjennom smertefulle undersøkingar, og då er det kjekt for oss å ha ein premie til dei når dei er ferdige. Vi har òg hatt ein fin tradisjon der vi kjøper gåver til dei pasientane som ligg inne i jula, seier Takvam. Det er òg kjekt at ein song som så mange har eit forhold til, skal gå til inntekt for barneavdelinga.

– Vi er jo patriotar her oppe, så denne songen kjenner alle, seier Takvam.

Sunn Møring fekk som kjent nytt liv i samband med at AaFK skulle spele cupfinale. Den gamle ålesundssongen var først laga av den lokale artisten John John Brusest for 27 år sidan. Den gongen gjorde han låten i lag med musikarane Cato Ådland og Egil Eldøen, men det er nyinnspelinga gjort med Aalesund Allstars som har teke songen til nye høgder.

"Sunn Møring"-suksess

– Det er nesten ikkje til å tru at denne gamle songen har blitt så populær. For meg er det òg stort at "Sunn Møring" betyr noko for så mange. Det seiast at folk syng han overalt, frå barnehagar til sjukeheimar, seier ein begeistra John John.

I tillegg til John John sjølv består Aalesund Allstars av artistar og profilerte personar med røter frå byen Ålesund, med namn som Terje Sporse, Bjørn Johan Muri, Solgunn "Sunny" Valstad, Hilde Marie Kjersen, Ina Breivik, Erik Stephansen, Gunnar "GP" Pedersen og Luffen Valle. Christopher Collings er prosjektleiar for Aalesund Allstars og opplegget rundt den nye versjonen av låten "Sunn Møring". Til avisa Sunnmørsposten har Collings sagt at han drog i gang prosjektet av rein patriotisme:

– I tillegg til å fokusere på AaFK og cupfinalen ville vi skape blest rundt Noregs finaste by. Eg drog prosjektet i gang av rein patriotisme for å lage folkefest i Oslo, sa Collings i forkant av cupfinalen.

No veit vi at songen ikkje berre har skapt liv under cupfinalen, men òg blitt den nye nasjonalsongen på Sunnmøre. Då versjonen med Aalesund Allstars blei lansert før cupfinalen,

suste han òg rett inn på ein tredjeplass på VG-lista. Ein skulle dermed tru at overskotet av musikkalet vil ende med eit fint beløp til barneavdelinga.

Vi veit enno ikkje kor mykje pengar det dreier seg om. Det vil vi først få vite på nyåret, seier John John. Han og Collings gleder seg til å kunne overrekke "sjekken".

– Vi synest det er flott å kunne bidra til å glede barna på sjukehuset. Det er det minste vi kan gjere, seier han.

SunnmørsFaktor X

John John var nyleg på besøk på ein barneskule i Ålesund. Nokre av barna skulle opptre med songen "Sunn Møring" med det dei kalla for "Det lille korslaget" og hadde spurt han om han ville komme og høyre på.

– Då eg såg kor stort engasjementet framleis er, tenkte eg at dette måtte vi gjere noko meir ut av, fortel John John.

Han fekk ideen der og då om at han ville arrangere ein songkonkurranse for alle barn og unge på Sunnmøre. No er planane lagde for ei stor barnesongmønstring og ein songkonkurranse kalla SunnmørsFaktor X (SFX). Ifølgje John John skal dette vere eit positivt og bevisstgjerrande prosjekt der ein bruker song og musikk for å ta vare på det positive engasjementet som allereie er skapt.

– SunnmørsFaktor X er ein songkonkurranse, men det er òg meint som ein del av eit større prosjekt – ein omdømmekampanje for barn og unge på heile Sunnmøre, seier John John.

Han understrekar at mens songkonkurransen X Factor som mange kjenner frå tv, kan opplevast tøff for mange, vil SunnmørsFaktor X setje søkjelyset på det positive:

– SunnmørsFaktor X er ein konkurranse der alle skal kjenne seg velkomne – utdriting og hets, slik ein har sett i fleire songkonkurransar på tv, vil ikkje skje i noka form her. Dette skal vere morosamt for alle, seier John John.

Dette prosjektet vil òg forhåpentlegvis komme barneavdelinga til gode. John John og sjukehuset vil samarbeide for å få i stand aktivitetar knytte til SunnmørsFaktor X. Kva innhaldet av dette vil bli, er enno ikkje klart, men at det skal vere noko positivt, det er heilt sikkert.

– Vi ønskjer at dette skal vere med å spreie optimisme blant barn og unge på Sunnmøre, og då må ein ha fokus på det positive, avsluttar John John.

Tekst: Janne-Beate Buanes Duke



Nyinnspelinga av songen "Sunn Møring" har ført med seg

tekt for barneavdelinga



stor suksess. No går overskotet av salet uavkorta til barneavdelinga.



Ivar Østrem og Ann Kristin Vegsund i arbeid på kontoret for pasientreiser.

Nytt kontor for pasientreiser

Ved hjelp av NAV-midler og ekstern finansiering har femte etasje i Åsebøen 1 blitt omgjort til eit splitter nytt kontor for pasientreiser. Dei 23 tilsette kunne i september flytte inn i dei nyoppussa lokala.

Det nye kontoret for pasientreiser i Helse Sunnmøre er resultat av ei samanslåing av ei ny og ei gammel organisasjonseining. Den gamle delen har ti medarbeidarar frå kontoret for pasienttransport, som tidlegare heldt til i administrasjonsbygget ved Ålesund sjukehus. I tillegg er det tilsett tretten nye medarbeidarar som skal arbeide med saksbehandling av kontante reiseoppgjer frå pasientar, gi informasjon og fungere som rettleiingsteneste.

Ansvar for heile fylket

– Å byggje opp ny ei avdeling er både spennande og kjekt. Mange av oppgåvene er nye for helseføretaka. Dette gjer at vi stadig blir

stilte overfor nye utfordringar. I tillegg er det morosamt og inspirerande å få nye kollegaer som er med å byggje opp eit nytt fagmiljø, seier leiar for Pasientreiser Møre og Romsdal, Dagfinn Tynes.

Kontoret for pasientreiser er ikkje ein organisasjonseining berre for Helse Sunnmøre åleine. Verksemda arbeider med all pasienttransport betalt av det offentlege – det gjeld altså både kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

– Kontoret har ansvar for pasientreisene i heile Møre og Romsdal. Det vil seie at vi dekkjer både Helse Sunnmøre og Helse Nordmøre og Romsdal sitt område, i tillegg til pasientreiser for

fristbrotpasientar og pasientar som nyttar seg av fritt sjukehusval, seier Tynes.

Overtatt oppgåver frå NAV

– Reiseplanlegging vil framleis vere ei sentral oppgåve for oss. Kvart år formidlar vi heile 170 000 drosjereiser og 30 000 flyreiser. Dette inneber å hjelpe pasientar med å leggje opp reiseruta si til og frå behandling og å samordne drosjeturar slik at pasientar som skal til same staden, deler drosje.

I tillegg har kontoret ei regional oppgjerseining som tek seg av alle transportrekningar frå organisasjonsnummer i Helse Midt-Norge, cirka 50 000 kvitteringar per måned.



Gunn-Jorunn Røren Sundgot, Kirsti Schevik Larsen og Wivi-Ann Digernes er blant dei trettien nyttilsette på det nye kontoret Pasientreiser Møre og Romsdal.



Leiar for pasientreiser, Dagfinn Tynes, synes det er inspirerende å få vere med å byggje opp eit nytt fagmiljø.

Det nye no er at vi òg skal behandle oppgjer frå pasientane, eller oppgjer frå personnummer som vi kallar det her. Tidlegare betalte vi NAV for å gjere dette arbeidet. No tek vi over denne oppgåva sjølv. Det er mellom anna pengar frå dei frigitte midlane som er brukte til å pusse opp og drifte dei nye kontorlokala til kontoret for Pasientreiser, seier Tynes.

Oppgåva til Pasientreiser Møre og Romsdal er å arbeide med sjølve saksbehandlninga – transaksjonane tek Nasjonalt senter for pasientreiser (ANS) i Skien seg av. – Blant dei trettien nyttilsette medarbeidarane er det to personar som arbeider med informasjon og rettleiing for pasientane. Dette handlar mellom

anna om rådgiving om regelverk og hjelp til å fylle ut reiserekningar, seier Tynes.

Ekstern finansiering

Leiinga i Helse Sunnmøre har fått spørsmål om korleis administrasjonen kan bruke pengar på å byggje ut ny pasienttransportavdeling i ei tid prega av stram økonomi i føretaket.

– Det er viktig å påpeike at det ikkje er investeringsmidlar eller driftsmidlar frå Helse Sunnmøre som går til etableringa av det nye kontoret. Oppussinga har skjedd utelukkande på bakgrunn av ekstern finansiering, seier administrerende direktør, Astrid Eidsvik.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Fakta Pasientreiser Møre og Romsdal

- Til saman 23 tilsette arbeider på det nyoppretta kontoret Pasientreiser Møre og Romsdal.
- Kontoret som held til i Åsebøen 1, blei offisielt opna i september.
- Namnet Pasientreiser er ein nemning brukt på tilsvarande kontor landet rundt.
- Kontoret arbeider med reiseplanlegging, saksbehandling, informasjon og rettleiingsteneste i samband med pasienttransport i Møre og Romsdal.
- Pasientreiser formidlar kvart år 170 000 drosjereiser og 30 000 flyreiser.
- Sjølv om det er nokre praktiske endringar, er pasientrettane uendra. Hovudregelen er at ein får dekt billegaste rutegående transport til og frå behandling.

Reiserekning – slik gjer du det

1. Få reiserekning og ferdigadressert konvolutt hos behandlar. Reiserekningsskjema kan òg lastast ned på www.pasientreiser.no
2. Fyll ut reiserekninga og legg ved alle originalkvitteringane.
3. Set frimerke på den ferdigadresserte konvolutten eller bruk ein konvolutt du har sjølv, og send inn til Helseforetakenes senter for pasientreiser. Oppdatert informasjon for heile landet og reiserekningsskjema finn du på **www.pasientreiser.no**.



● ● ● Allsidig og fjellvant

- Det å kunne jobbe allsidig er det som engasjerer meg mest, seier Idunn Myklebust. Når ho ikkje bruker tida på pasientar og faglege oppdateringar, finn du ho gjerne til fjells med familien.

Idunn Myklebust arbeider som seksjonsoverlege ved føde- og gynekologisk avdeling på sjukehuset i Volda.

- Det er no blitt heile 30 år sidan eg første gong byrja i ein jobb her på sjukehuset. Staden er ikkje til å kjenne igjen frå den tida, seier Idunn.

Ville bli fysioterapeut

Sommaren etter at ho avslutta vidaregåande skule i Volda, byrja ho å jobbe som praktikant på kirurgisk avdeling på sjukehuset i Volda. Tanken den gongen var å studere til å bli

fysioterapeut, men då ho fekk brev om at ho var kommen inn på medisinstudiet, blei det endring i planane. Dermed blei Bergen bustaden hennar frå 1979 til 1985. Etter ei tid som turnuslege på Molde sjukehus og Larsnes (red. merknad distriktspraksis) fekk ho jobb som kommunelege i Volda.

- Kvifor valde du å spesialisere deg til å bli gynekolog?

- Det var vel både litt tilfeldig med tanke på kva type jobb som var ledig, samstundes som det har samanheng med kva eg ville vite meir om. Då eg var ferdig med

distriktspraksisen på Larsnes, var det ledig eit vikariat som kommunelege i Volda. Dette var ein svært spesiell praksis ettersom eg nesten utelukkande arbeidde med kvinnelege pasientar. Når sjansen tilfeldigvis baud seg for å byrje på føde- og gynekologisk avdeling på sjukehuset i Volda, tok eg han, fortel Idunn.

Pågangsmot trass utfordringar

- Jobben som seksjonsoverlege på gynekologen i Volda dreier seg i dag i hovudsak om å vere doktor, men eg har òg ansvaret for at det er doktorar på jobb, seier ho.

Namn:

Idunn Myklebust

Stilling:

Seksjonsoverlege ved føde- og gynekologisk avdeling på sjukehuset i Volda

Alder: 49 år

sjukehus i både Norge, Sverige og Danmark er òg med på å tilføre avdelinga kunnskap, seier Idunn. Ho understrekar kor viktig det er å ha eit godt fagleg miljø der det er mogleg å snakke om utfordringar og erfaringar.

– Volda er ein liten plass. Dette gjer det generelt heilt umogleg å diskutere hendingar på jobb med andre enn kollegaer. Det vil alltid vere nokon som kan dra kjensel på kven eller kva ein snakkar om. Eit godt fagleg arbeidsmiljø der ein kan ta opp dei vanskelege tinga, er heilt avgjerande, seier Myklebust.

Små sjukehus som kvalitetsberarar

Ho fortel vidare at den faglege kvaliteten ved små sjukehus ofte blir omtalt negativt for tida. Ho understrekar at små og store sjukehus skal ha ulike funksjonar.

– Legane og dei andre fagpersonane ved sjukehuset i Volda skal vere, og er, gode på behandling av det vi kan – dei vanlegaste sjukdomstilfella. Legar tilsette på små sjukehus har alltid arbeidd på store sjukehus òg, og dei har såleis god innsikt i den faglege kvaliteten begge stader, men ofte gjeld det ikkje omvendt. Dette kan vere frustrerende når du skal få fram kvaliteten ved dei små sjukehusa overfor dei som jobbar på store sjukehus, seier Idunn. Ho meiner pasientar som har vanlege plager, får minst like god behandling på små sjukehus som på store.

Allsidigheit

– Kva engasjerer deg i arbeidet?

– Det å kunne vere allsidig er det som engasjerer meg mest. Eg er slik at eg vil ha oversikt over alt innanfor fagområdet. Eg er kanskje ikkje den som har lett for å bestemme meg. Tida mi blir derfor brukt på oppdateringar innan mange ulike delar av faget, seier Idunn.

I tillegg til å vere seksjonsoverlege på gynekologen er ho nestleiar ved kvinneklinikken i Helse Sunnmøre. Ho har tidlegare òg hatt ein periode som konstituert avdelingssjef i 2005 og 2006. Av leiaren på kvinneklinikken i dag, Janita Skogeng, blir Myklebust omtalt som ein solid fagperson. – Idunn har vore sentral i oppbygginga av kvinneklinikken sidan byrjinga i 2002. Ho er ein

kunnskapsrik medarbeidar som eg set stor pris på. Grunna rekrutteringsvikt har Myklebust ein periode hatt ein utfordrande arbeidssituasjon – mykje fell på henne. Det medisinske ansvaret ho tek for fødselsomsorga i Volda, utgjer ein heilt einestående innsats, seier Skogeng.

Elskar fjellet

Ei av dei viktigaste årsakene til at Idunn og mannen valde å busetje seg på Sunnmøre, i tillegg til at begge er sunnmøringar, var fjella og sjansen til å dyrke ei felles interesse for friluftsliv.

– Vi er begge glade i fjellivet, både sommar og vinter. I helgar og feriar tek vi gjerne turen til familiehytta på Myklebustsætra. Frå hytteglaset kan vi nyte den fantastiske utsikta mot Kolåstinden, seier Idunn.

Ho fortel at turane blei noko kortare frå det tidspunktet dei blei foreldre. Idunn og mannen Karl Ole har to barn som i dag er 13 og 20 år.

– Med åra har vi funne ut at Kolåstiden er svært vakker frå nedsida òg. Det er ikkje så om å gjere å komme seg til topps som før, ler Idunn.

Heilt frå barndommen, då ho dreiv med alpint, har Idunn vore svært glad i å stå på ski. Forutan å drive friluftsliv har ho alltid vore med i kor. I tillegg trenar ho ein gong i veka på dametrim i Volda.

Kontakt med barndomsvenninnene

Etter å ha budd halve livet sitt i Volda har Idunn no nærast gjort volding av seg. Barndomsvenninnene i Ørsta har ho likevel framleis god kontakt med.

– Vi er ein venninnegjeng frå tida på barneskulen i Ørsta som har jamleg kontakt. Vi samlast to til tre gonger i halvåret, noko som er veldig kjekt, fortel Idunn.

Sjølv om ho no bur i Volda, er ho garantert ueinig med sambygdingane sine i eitt spørsmål – kva for bygd har det beste skianlegget?

– Sønene mine vil ikkje høyre snakk om det, men etter ein tur på Bondalseidet i fjor fekk eg bekrefta det nok ein gong – Bondalseidet er eit betre skianlegg enn Reset, ler Idunn.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Fram til 2006 var det ein lang og stabil periode på føde- og gynekologiavdelinga i Volda med tre legar som hadde arbeidd der i ei årrekke. Dette gav god kontinuitet. Etter at ein av overlegane slutta i 2006, har situasjonen derimot vore prega av ein del utskiftingar – noko som har skapt ein utfordrande situasjon for seksjonsleiaren med tanke på rekruttering.

– Å rekruttere spesialistar til avdelinga er ei krevjande oppgåve. Det er ikkje slik at det til ei kvar tid er ledige spesialistar på marknaden som enkelt kan rekrutterast til Volda. Men det blir arbeidd langsiktig med å rekruttere spesialistar under utdanning, som har tilknytning til området. Situasjonen gjer at ein har henta inn kompetanse i førebelse vikariat. Myklebust fortel at ho har ei vikarliste med mange solide bidragsytarar, som er godt kjende på avdelinga.

– Det viktig å påpeike at det ikkje er nokon heilsvart situasjon på avdelinga i dag. Avdelinga fungerer godt og er prega av pågangsmot. Det å hente kompetanse til førebelse vikariat frå andre



Idunn er svært glad i friluftsliv og brukar mykje av fritida si på familiehytta på Myklebustsætra.



Marie Åland fortel at den grundige gjennomgangen av medisinsk teknisk utstyr og personell var viktig både for kunnskapen og arbeidsmiljøet på anestesivdelinga.

Full sjekk på anesthesiav

For andre året på rad blei det gjennomført full sjekk av medisinsk teknisk utstyr og personell ved anestesivdelinga i Ålesund. Avdelings-sjukepleiar Marie Åland melder om eit vellukka tiltak med både fagleg og sosialt utbytte.

– På andre avdelingar og seksjonar i helseføretaket veit eg at det er mange som mellom anna har ulike sertifiseringar, ISO-standardisering og liknande. Dette har vi ikkje på anestesivdelinga. Likevel er det svært viktig å få fram at vi tek fagutvikling og opplæring alvorleg. Kvalitetssystemet vårt tilseier at vi skal ha årleg utsjekk, men omsynet til drift og store operasjonsprogram gjer det vanskeleg i ein hektisk kvardag, seier Åland.

Låg aktivitet

Veke 43 blei vald fordi dei fleste legane var på ein årleg konferanse – noko som inneber låg aktivitet på avdelinga. Ideen til tiltaket fekk Aaland då

ho hørte om liknande opplegg på sjukehusa i Bergen og i Tønsberg. – Torsdag 22. og fredag 23. oktober inviterte vi representantar frå medisinske utstudsprodusentar pluss ressurspersonar frå eiga avdeling. Utsendingane frå Dräger, Vingmed og Care fusion (red.anm. Tidlegare "Alaris") var henta inn for å ha leksjonar om dei medisinske apparata vi har på avdelinga. Operasjonsstovene som ikkje var i bruk, blei brukte som klasserom, fortel Åland. Leksjonane gav nyttige oppfriskingar i dei mange funksjonane det medisinske utstyret har. Mellom anna var det nyttig å få opplæring i dei apparata som sjeldan er i bruk. Deltakarane lærte òg nye nyttige funksjonar på apparata dei er vande med å bruke. Over femti tilsette deltok på



delinga

undervisningsopplegget dei to dagane opplegget varte – anestesistjukepleiarar, anestesilegar og helikoptersjukepleiarar.

– Vi fekk òg tettare samarbeid med medisinsk teknisk avdeling, som deltok på nokre av leksjonane. Dei var svært positive til tiltaket og ønskjer å vere med til neste år òg, seier Åland

Godt for arbeidsmiljøet

– Det fine med opplegget er at vi slepp å reise bort frå avdelinga for å få kurs – dette sparer sjukehuset for både tid og kostnader. Å vedlikehalde kunnskap er svært viktig. Dette syner òg den gode responsen vi har fått frå dei tilsette i etterkant, seier Åland.

Då ho fekk ideen, tok ho kontakt med avdelingssjef Kjersti Bergjord og seksjonsoverlege Knut Rusten. Begge var svært positive til forslaget. Ho legg til at kurset blei gjennomført samstundes med at fleire operasjonsstover var i drift. Åland er svært nøgd med ekstrainsatsen dei tilsette viste. – I tillegg til å vere lærerikt og hektisk har den omfattande sjekken av personalet og medisinsk utstyr blitt ei kjekk happening for dei tilsette. Rett og slett godt for arbeidsmiljøet. Vi har allereie bestilt folk til å ha leksjonar til neste år òg, avsluttar ho.

Tekst og foto: Anbjørn Holme





Julaften og
Nyttårsaften har vi
åpent kl 09-12

I romjulen har vi åpent
kl 09-15.

Velkommen innom
Sjukehusapoteket for
en hyggelig handel!



Hos oss finner du et
stort utvalg krydder
og essenser til
julebaksten. Vi har

Sykehusapoteket, litt
mer
enn et vanlig apotek



Vi ønsker alle våre kunder

God Jul og Godt Nyttår!



SYKEHUSAPOTEKENE I MIDT-NORGE
Sjukehusapoteket i Ålesund



BJORLI

www.bjorliheimen.no



- Utleie av 5 møblerte leiligheter på Bjorlitunet - 8 til 20 senger
- Hotellrom
- Rimelige familierom
- Caravanplasser
- Ny 10 mans hytte til utleie

Velkommen til hele familien!

Kontakt Bjorliheimen

tlf. 61 24 55 61 / 926 17 973 - fax 61 24 55 54

e-post: jelehre@online.no / post@bjorliheimen.no

Angriper bakterier



Mepilex Ag er en skånsom skumbandasje med den unike kombinasjonen av sølv og Safetac® teknologi. Dreper bakterier (inkl. MRSA) innen 30 minutter og i opptil 7 dager⁽¹⁾.



Safetac
TECHNOLOGY



MÖLNLYCKE
HEALTH CARE

www.molnlycke.no www.safetac.com

COX

MAGASIN
RÅDGIVNING
DESIGN
WEB

Cox er et av Norges største byråer innen redaksjonell kommunikasjon og design. Cox bistår med både rådgivning og konkrete kommunikasjonstiltak. Vi utarbeider kommunikasjon på ulike plattformer for flere av de sterkeste merkenavnene i Skandinavia. Vi har kontorer i Bergen, Oslo, København og Stockholm.

www.cox.no

(1) Taherinejad and Hamburg. Antimicrobial effect of a silver-containing foam dressing on a broad range of common wound pathogens. Poster publication: World Union Congress, Toronto, Canada 2008.



Redaktør/ kommunikasjonssjef:

Solveig Moe Frøland
70 10 68 10 /
92 20 80 89
solveig.moe.froland@
helse-sunnmore.no



Prosjektleder/ journalist:

Anbjørn Holme
41 51 11 31

anbjorn.holme@cox.no



Annonse- konsulent:

Inghild Tillung
55 54 08 22

inghild.tillung@cox.no

NYTILSETTINGAR I HELSE SUNNMØRE

Liste over nytilsette i faste stillingar

Oddvar Fossheim

*Overbioingeniør ved Lab for medisinsk
biokjemi, Laboratorieavdelinga -
Helse Sunnmøre - Volda sjukehus
Byrja 01.11.09*

Per Olav Vinjevoll

*Bioingeniør 1 ved Lab for medisinsk
biokjemi, Laboratorieavdelinga -
Helse Sunnmøre - Volda sjukehus
Byrja 01.11.09*

Göran Löthman

*Psykolog ved Psykiatrisk poliklinikk,
Vaksenpsykiatrisk avdeling -
Helse Sunnmøre - Volda sjukehus
Byrja 03.11.09*

Tommy Dahl

*Fysioterapeut ved Mork
Rehabiliteringssenter
Byrja 12.11.09*

Toril Molnes

*Assistent ved Kiosk/Kafé -
Serviceavdelinga,
Helse Sunnmøre -
Ålesund sjukehus
Beg. i fast st. 01.10.2009*

Stabile tal på ventande til behandling i Helse Sunnmøre

Det er stabile tal på ventande til somatisk behandling i Helse Sunnmøre. Det er færre ventande i utgangen av oktober enn på same tidspunkt i 2008. Vi ser ein liten nedgang i talet på dei som må vente i over 120 dagar. Derimot er det ein auke i talet på pasientar som må vente i over eitt år på behandling i samanlikning til same tidspunkt i fjor.

Gjennomsnittsentetida er noko redusert siste månadane, men ligg likevel på eit høgare nivå enn i 2008. I dag må ein pasient vente 113 dagar på behandling (gjennomsnittleg)-

Talet på ventande til psykiatrisk behandling viser ein klar nedgang i løpet av hausten, og er i utgangen av oktober på 270 pasientar. Dette er om lag på same nivå som for eit år sidan. Også talet på dei som må vente lenger enn 90 dagar viser ein positiv

tilbakegang i Helse Sunnmøre. Talet pr 30. oktober er 89 pasientar.

Ved Volda sjukehus er det ein nedgang i talet på ventande til behandling innanfor fagområda ortopedi, fordøyingssjukdomar og lungesjukdomar. Det er ein liten auke i talet på ventande til behandling for urologi. Elles så er det små endringar innanfor dei andre fagområda.

Ved Ålesund sjukehus er det nedgang i talet på ventande til behandling i fagområda; urologi, fordøyingssjukdomar, og augesjukdomar. Det er noko fleire ventande til behandling til fagområda ortopedi, kjevekirurgi, endokrinologi hjertesjukdomar og revmatiske sjukdomar. Utover dette er det små endringar.

Tekst: Geir Vikestrand

TOLKING

Tolkebestilling:

Tlf. 75 54 22 00 / 815 35 500

DØGNVAKT

NORICOM® NORD AS

Lokalkontor Ålesund

Tlf. 70 13 03 60 / 75 54 22 16

TOLKING - TILSTEDE OG TELEFON

Beredskapskoordinator
Hans-Olav Ose er godt
nøgd med gjennom-
føringa av masse-
vaksinasjonen i
Helse Sunnmøre.



Tilbod om svineinfluensa-vaksinering for personar med eggallergi

Vaksinen mot svineinfluensa er basert på ein vaksine som er produsert på eit eggmedium. Dette kan føre til at vaksinen utløyer allergiske reaksjonar hos personar med alvorleg allergi mot egg. Folkehelseinstituttet har no skaffa ei avgrensa mengd vaksine som ikkje er produsert på eggmedium, og helseføretaka har fått i oppdrag å gjennomføre vaksininga. Personar med eggallergi kan no ta kontakt med fastlegen sin, som etter ei fagleg vurdering sender tilvising til helseføretaket. Sjukehuset i Ålesund eller Volda vil så ta kontakt for å avtale tid og stad for vaksining.

Stor oppslutnad om vaksining

I løpet av seks vaksinasjonsdagar har om lag 2200 av 2600 tilsette i Helse Sunnmøre blitt vaksinerte. – Svært gledeleg, ifølgje beredskapskoordinator i Helse Sunnmøre, Hans-Olav Ose.

Vaksinasjonen av tilsette i Helse Sunnmøre har så langt fungert svært godt, sjølv om situasjonen baud på ein del utfordringar i starten.

Snudd på hovudet

I likskap med resten av befolkninga var det fleire som endra syn på om dei skulle vaksinere seg då dei første dødsfalla som følgje av svineinfluensaen blei omtalte i media. Like før den første vaksinasjonsdagen, 27.oktober, endra biletet seg totalt. Brått var situasjonen slik at talet på vaksinedosane var altfor lågt. Helse Sunnmøre hadde i utgangspunktet fått tusen vaksinedosar, inkludert ein del vaksinar til inneliggjande pasientar. Berre i Ålesund fekk ein for eksempel ei overraskande tilstrøyming med meir enn 500 tilsette den første vaksinasjonsdagen. – Kartlegginga i forkant av vaksininga synte låg interesse hos dei tilsette, og gjennomføringa var

lagt opp etter dette. Retrospektivt ser vi at vi ikkje skulle operert med ei så brei målgruppe som vi gjorde, seier Ose.

Resultatet var at ein måtte innføre hardare prioriteringar slik at frontlinjepersonell blei prioriterte. Likevel mangla det vaksinar til å nå alle målgruppene.

– Det kom ein del kritikk av organiseringa i første runde, mellom anna tilbakemeldingar som gjekk på køsystemet. Dette var noko vi tok tak i då Helse Sunnmøre fekk inn 1500 nye dosar og kunne starte den andre vaksinasjonsrunden, seier Ose. Til saman 2200 av 2600 tilsette i Helse Sunnmøre er no vaksinerte.

– Eg synest det er svært positivt at så mange har late seg vaksinere. Helsepersonellet i Helse Sunnmøre har verkeleg teke ansvar for både seg sjølve og pasientane.

Stor innsats

Det er vaksinasjonsutvalet som handterer alt det praktiske omkring massevaksininga. I gruppa sit både representantar frå bedriftshelsetenesta og leiinga, i tillegg til apotek, ein hygienesjukepleiar og beredskapskoordinator.

– Til kvar vaksinasjonsdag blei det sett opp eit team på i alt tretten personar – eit oppsett som gjorde det mogleg å vaksinere 150 personar i timen, seier Ose.

Han fortel at leiaren i vaksineutvalet, Jorunn

Aandal, fortener ros for innsatsen sin i vaksinasjonsprosessen. Det er ho som har hatt hovudansvaret for arbeidet – noko ho har gjort på ein framifrå måte, ifølgje Ose. – Det same gjeld Mari Egseth Lystad som har stått for planlegginga ved Volda sjukehus, legg han til.

Planverk i utvikling

Det er Nasjonalt direktiv for vaksining som fortel korleis vaksinasjonen skal skje i ein pandemisituasjon.

– Ein viktig del av vaksineringsarbeidet har heile tida vore å vaske planverket vårt slik at det blir meir realistisk. Dette er ein kontinuerleg prosess.

Ose fortel vidare om beredskapsplanen for pandemisk influensa som vil bli sett i verk dersom situasjonen skulle bli kritisk. Planen inneber mellom anna kva for avdelingar som skal gjerast om til pandemiavdelingar.

– Store investeringar er gjorde. Helse Sunnmøre har mellom anna skaffa seksten respiratorar med tilhøyrande utstyr, som vil bli brukte dersom pandemisituasjonen skulle forverre seg, seier Ose. Han fortel at pandemiøvingane som er gjennomførte i Helse Sunnmøre dei siste åra, har vore til stor hjelp.

– Utforminga av øvingane har vore skremmande realistisk med den reelle utviklinga vi har sett fram til no, avsluttar han.

Tekst og foto: Anbjørn Holme